

## Vedrørande planar om oppveksttun på Stamnes

Innledningsvis vil me seia at me forstår godt at kommunen må spara pengar og halda seg innanfor budsjett. Me ynskjer berre det beste for borna innanfor dei økonomiske rammene som er sett. Dersom dette inneber å oppretta eit oppveksttun ynskjer me at dette vert gjort på best moglegmåte. Dette er ei stor avgjersle og me meiner dette krev ein større prosess før ein har nok informasjon til å kunne gjere eit godt vedtak i kommunestyret. Det er viktig å vita kva ein stemmer over.

Noverande Stamnes barnehage er ein barnehage med fantastisk beliggenhet. Barnehagen ligg fint til i enden av ein kommunal veg. Barnehagen brukar området «Tjødnane» der Idrettslaget har satt opp ein flott gapahuk med bålpanne. Her er det stiar, steinar og trær som borna nyttar flittig til klatring.

På halvvegen mot gapahuken har dei «Eventyrskogen». Dette er eit område innanfor ein gammal steingarde med gamle tre og ei skorv, flott for både organisert leik og frileik. Svært oversiktleg.

Næraste nabo til barnehagen er ein gard med hestar og sauvar. Dette er svært spanande på våren når det er lemming og lamma tek sine første steg på bøane rundt barnehagen. Om Hausten får dei høyre hjorten stå på Halahaugane og brøle!

Alt dette (og mykje til) gjer borna gode opplevelingar som dei kjem heim og fortel til oss foreldre med glød i augo. Dette gjer at me føler at borna har det godt der dei er. Desse områda vert mykje vanskelegare å nå for barnehagen om den vert flytta/lagt ned.

Tysdag 25.10 hadde me foreldremøte i Stamnes Barnehage. I den forbindelse var einingsleiar for barnehage tilstades for å informera oss om Administrasjonen sitt framlegg til budsjett, som vil ha innverknad på Stamnes Barnehage.

I framlegget til budsjett er det 2 forslag:

- 1) flytta barnehagen til skulen i sand ved å laga eit oppveksttun
- 2) leggja ned barnehagen for å plassere borna på Stanghelle/Vaksdal

Me som foreldre hadde håpa at me fekk vita meir vedrørande planar om korleis eit oppveksttun vert sjåandess ut med tanke på skule\barnehageområde inne og ute , korleis det trafikale vert løyst og korleis bemanninga er planlagt. Einaste ny informasjon me fekk på møtet var at oppstart skulle være mai 2017. Er det realistisk?

Me var i kontakt med Kommunalsjef oppvekst når dette kom ut for nokre veker sidan og stilte same spørsmål på møtet. Skal det ikkje gjerast ei utgreiing på dette? Skal ikkje foreldre og borna få koma med innspel til saka?

Her fekk me same svar frå begge. Det er ikkje same krav til utreiing i barnehagelova, som til ei skulestruktursak. Men når vedtaket er gjort, så skal de sjølvsagt få komma med innspel i planlegginga

av eit eventuelt oppveksttun. Me som kjenner til dagens situasjon ved skuleområdet stiller spørsmål ved den manglande prosessen i forkant.

Veileder til rundskriv T-2/08 - (regjeringen.no) om retningslinjer for barn og unge gjer oppmerksom på:

Utdrag side 16: Erfaringsmessig er faren for at barn og unges interesser skal tilsidesettes særlig stor i dispensasjonssaker og ved mindre vesentlige reguleringsendringer. I disse saker følger en ikke samme prosedyre mht. offentlighet og samarbeid med andre etater som ved vanlige planer. Det finnes heller ikke klare regler for hva som kan betraktes som en mindre vesentlig endring ut fra hensynet til barn og unge.

Videre:

**Barnehagelova seier:**

**- § 3Barns rett til medvirkning**

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

**-§ 4.Foreldreråd og samarbeidsutvalg**

.....Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

**Barnekonvensjonen, artikkel 3 – Barnets beste**

1. Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.

**I forbindelse med ei tilsvarande nedleggingssak av ein barnehage i Bergen kommune, kom  
barneombudet med denne uttalelsen:**

***Barnets beste***

*Kommunen plikter å ta utgangspunkt i barnet beste i alle avgjørelser som berører barn. Det følger av barnekonvensjonen artikkel 3. Barnekonvensjonen er inkorporert i menneskerettighetsloven og har status som norsk lov. Dersom prinsippet om barnets beste ikke er tilstrekkelig utredet i saksfremlegget, kan det foreligge en saksbehandlingsfeil som kan medføre at vedtaket er ugyldig. Barnets beste forutsetter at det er en fordel for barna at endringer gjøres, eller at situasjonen ikke blir endret negativt. Drøftingen rundt dette må synliggjøres i saksfremlegget, som i dette tilfelle gjelder*

*nedlegging av en barnehage. Det er ikke tilstrekkelig at det fremgår av saken at barna i barnehagen ikke vil ta skade av endringene.*

#### **Rett til å bli hørt**

*I prosesser som medfører endringer i tilbaketrukket til barn og foreldre, har disse en rett til å bli hørt. Barn har denne retten i barnekonvensjonen artikkel 12. Barn i barnehagealder kan ofte uttale seg om spørsmål som gjelder forhold på avdelingen, aktiviteter, mat, venner osv., men ikke like godt om strukturelle endringer. Foreldrene vil i slike tilfeller være barnas talspersoner og skal høres. Dette kommer også frem av barnehageloven § 3 og § 4. Barneombudet forutsetter at kommunen har lagt opp til en prosess som inviterer foreldre til å delta, og at deres synspunkter gjenspeiles i saksframlegget.*

I forhold til desse lovane, er det etter vårt syn, eit alt for lite gjennomtenkt og tynt grunnlag ein ber kommunestyret om å gjera eit vedtak på. Me har fått signal om at kommunen vil kjøre dette som ei byggessak. Me stiller spørsmålsteikn ved at det ikkje vert laga ein reguleringsplan, då det ville løyst mykje av utfordringane med informasjon i forkant av ei slik stor beslutning.

Ein Barnehage er heller ikkje berre ein utgiftspost for kommunen. Det er også eit tilbod for at me som innbyggjarar skal kunna bu her og gå i arbeid. Det er eit tilbod for at borna ska få positive opplevingar, knytta vennskap, vera sosiale og rusta til livet som dei har framfor seg. Det får dei ikkje om dei skal sitja i ein bil 40 min kvar veg for å komma seg til stanghelle. Om foreldra då arbeidar i modalen, så vil dette i praksis bety at dei må jobbe deltid eller flytte.

Vaksdal kommune er «trafikksikker» kommune. Barnehagen er ein sertifisert «trafikksikker barnehage» av trygg trafikk. Det betyr at borna til dømes ikkje skal fraktast i private bilar. Skulevegen på stamnes er ansett til å vere so farleg å ferdast på til fots, at alle elevar som bur meir enn 200m frå skulen har krav på skuleskyss. Det er ca 1 km på denne vegen barnehageborna må ferdast dersom dei skal kunne nytte turområdet sitt.

Det må også takast høgde for kostnadane det er ved å etablere parkeringsplass for å sikra ein forsvarleg hente\bringe situasjon. Skal dette løysast inne på det som no er skulens område for å sleppa å krysse veg? Slik parkeringa på motsatt side er utforma i dag blir den også brukt som 'møtelomme' for bilistar. Hente / bringe situasjon skal vera fysisk avskjerma for anna trafikk. Dersom ein vel å løysa det inne på skuleområdet meiner me at det utløyser krav om reguleringsplan.

Kva med sikring mot sjø? Det er lavt og därleg gjerde mot sjø. Det er avslutta uten sikring i enden mot tippen. Det er erosjon inn mot gjerdet, som gjer at sjøen kjem nærmare og nærmare. Denne delen av fjorden har kraftig straum, og det vil vera ekstra kritisk om ein person fell i sjøen her i forhold til stilleståande sjø. Her vil ein verta dradd under og ført bort på sekundar. Barnehageborn kan ikkje forteljast kva som er farleg på same måten som skuleborn.

Det er ein communal veg gjennom skuleområdet som må takast omsyn til. Både med tanke på sikring mot trafikk og utforming av området. No må ungane kryssa denne vegen for å koma til leikeplassen.

Den går og direkte forbi fotballbana og ballbingen. Godsbilen ryggar også inn på skuleområdet via denne vegen. I tillegg er det heilt ope ut til fv 569.

Kvar i det eksisterande skulebygget er barnehagedelen planlagt? Barnehagedelen må ha direkte tilgang til tilhøyrande uteområde. Den må garderobeanlegg, toalett for born, mogleheit for soving ute og inne, nye leikeapparat, etc. Det er mykje ulike krav til nyetablering av barnehage og det krev planlegging for å få dette til på ein god måte.

Innledningsvis nemnde me dei gode turområda barnehagen på Stamnes no har. På kva måte er det tenkt at dette skal ivaretakast ved ei eventuell etablering av oppveksttun i sanden? Dersom dette ikkje kan ivaretakast skal det etter loven kompenserast med eit ekstra utfordrande uteområde.

På kva måte vil dette påverka skulen, elevane og ansatte der den er i dag? Er det nok plass å ta av, og kva områder må skulen gje frå seg? Er det nok møte og kontorlokaler til både barnehage og skulepersonell? Er det nok areal, eller må det byggjast på? Må det byggjast etter nyaste byggekrav tek 10 ved etablering av ny barnehagedel?

Me stiller og eit stort spørsmålsteikn ved dei totale kostnadane på eit slikt omfattande prosjekt. Er det gjort eit skikkeleg kostnadsoverslag på alt me har nevnt over?

Med alt dette i tankane, klarar ein å behalda kvalitetane ein har i dag med i eit oppveksttun i Sanden? Slik me forstår det føreligg det ingen planar om korleis ein vil løysa alle utfordringane på ein god måte. Verken økonomisk eller planmessig.

Foreldregruppa i Stamnes Barnehage

Kontaktperson: Foreldrerepresentant Rune Langeland, [stamnes86@hotmail.com](mailto:stamnes86@hotmail.com) /41041372